



Sweco Norge AS
Tom Andre Sivertsen
Postboks 80 Skøyen
0212 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7556 - 21/12600

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
24.02.2021

Mellombels bruksløyve Region Nordhordland Helsehus - gbnr 188/323 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 265/21
Tiltakshavar: Region Nordhordland Helsehus Iks
Ansvarleg søkjar: Sweco Norge AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for Region Nordhordland Helsehus og allmenningen på eigedom gbnr 188/323. Mellombels bruksløyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.**
- 2. Ferdigattest skal liggje føre innan 30.06.2021.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i historisk sak 17/1084 i tidlegare Lindås kommune, dispensasjon datert 31.05.2021, rammeløyve datert 10.07.2017 og påfølgjande igangsettingsløyve og endringløyve.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

UTF - grunnarbeider/landskapsutforming: andel faste dekker med tilhørende kanter, i tillegg til benker og grønne arbeider.
UTF- tømrerarbeider: listverk rundt noen dører

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 30.06.2021

Det vert elles vist til søknad mottaken 05.02.2021.

Handsaming av søknaden avheng av at det i samband med oppgradering av trasear for overvatn, vatn og avløp i området og låg føre mellombels bruksløyve/ferdigattest for desse trasear.

Det er søkt om og gjeve høvesvis mellombels bruksløyve i sak 21/1847 (historisk sak 18/3848) og ferdigattest i sak 21/1848 (historisk sak 18/3720) den 24.02.2021. Øvrige saker nemnd i dialog i saka er ikkje til hinder for å kunne handsame søknad om mellombels bruksløyve for helsehuset.

Søknaden var komplett og klar for handsaming 24.02.2021.

VURDERING

Kommunen legg mottaken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

Skildring

Adresse:	Kvassnesvegen 40
Bygningstiltak:	Region Nordhordaland Helsehus og del av almenningen
Bygningsnummer:	300655779
Bruksareal:	12966,1 m ²
Vatn og avløp:	Offentleg

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/7556

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Region Nordhordland Helsehus Iks	Kvassnesvegen 23	5914	ISDALSTØ
Sweco Norge AS	Postboks 80 Skøyen	0212	OSLO

Mottakarar:

Sweco Norge AS	Postboks 80 Skøyen	0212	OSLO
----------------	-----------------------	------	------